



FOLDØY AKTIVITETSPARK

For Alle

FOLDRØY AKTIVITETSPARK

For Alle

Ideen om ein aktivitetspark på Foldrøy starta ved at tidlegare rådmann vart invitert av rektor til Foldrøy skule for å sjå på uteområdet. Elevane hadde lite å aktivisere seg med på skulen sin område og rådmannen meinte at her må me tenka større og få til noko stort. Han meinte at me kunne sjå mot Rubbestadneset og måten det var organisert på der for å få til noko liknande i Foldrøy.

Rektor engasjerte FAU som tok tankane og visjonen om å samle bygda om ein aktivitetspark vidare. Me har no satt saman eit styre med representantar frå lag og organisasjonar i bygda vår og ser at dette er det me treng for å få ei meir «Levande bygd». Me ser at det er behov for ikkje berre leikeapparat for elevane ved skulen, men at dette også kan skapa samlingsrom for heile bygda vår. Me treng gode samlingspunkt og rom for å møtast, både i fysisk aktivitet og leik og for å skapa sosiale relasjonar. Dette tenker me er attraktivt for lokalmiljøet og kan vera med å trekka nye tilflyttarar til Bømlo og Foldrøy.

Me ligg sentralt til på Bømlo og her er ein attraktiv stad å busetja seg. Me har no mogelegheit til å gjera noko samlande for alle. Tanken er at aktivitetsparken skal ha ei aktivitetstilbod som famnar om alle aldrar og bidrar til både fysisk og mental folkehelse.

Foldrøy Aktivitetspark er eit samarbeid mellom alle lag og organisasjonar i bygda:

- Foldrøy Skule v/elevar, rektor og FAU
- Foldrøy Grendautval
- Foldrøy Idrettslag
- Speidaren
- Foldrøy Kvinne- og familielag
- Foldrøy Petanque



Prosjekt trinn

Trinn 1:

- Petanque
- Småhus

Trinn 2:

- Leikeplass

Trinn 3:

- Paviljong
- Gapahuk

Trinn 4:

- Treningspark
- Asfaltmaling
- Basketball
- Friidrett




Trinn 5:

- Minibibliotek
- Veggmaleri






Plantegning

leikeplass, petanque,
60 meter & parkering



FOLDRØY AKTIVITETSPARK
For Alle



1. Sandbord 2. Terrengsklie 3. Tunellsklie 4. Karusell 5. Svevekarusell 6. trampoline 7. bordtennisbord
8. Kryptunell m. svingstang 9. Balansestokk 10. Surfebrett 11. Balansestolpe 12. Lianer m plattformer
13. Læringsapparat 14. Trippel vippe 15. Epdm 16. Kiosk 17. Epdm gummiruler 18. Sandkassebord

Petanque



2 x petanque banar

Banestr. er 4x15m



Førstemann til 13 poeng vinner



Tilbehør som er greit å ha:

- Rive
- Poengtavle
- Linjal
- Sirkel
- Utstyr skap med kodelås?




Om me murer ett bedd langsmed petanque banen på sørsiden, kan den brukast som skille mellom banen og leikeplassen, sitteplass og grøntområde/ bed, for eksempel med sukkulenter. Me kan også male ein linjal på nordsiden av bedet som fungerer som måleband i lengdehopp/ tresteg. Lagar då også ein «hopp planke» på enden av banen mot øst.





Lengdehopp/tresteg


- Bruke petanquebanen som hoppe grop
- Male linjal på kanten som målestokk
- Lage hopp planke på kanten til banen



Friidrett

60 meter

- Dobbelt løpebane langsmed gruslassen.
- Start ved målet i ballbingen,
- Mål ved steinmuren ved nedkjørselen.
- Asfaltmaling
- Malt distanse pr. 10 meter
- Dei første 10 meterane målt opp pr 10 cm.
som også kan brukast til lengdehopp





- Bruke skråningen opp mot Aktech til å ha terreng silebanar i
 - Ein rett på 7 m og ein spiral på 2,5 m
 - Epdm som fallunderlag/trapp
 - «splæsj» av epdm i bunnen av spiral silebanen
 - Reinbue i botnen av den rette silebanen

Silebahar






Skuleplassen



Ludo
Stort ludo der
Ein sjølv er
brikkene



Fleire asfaltmaling forslag:




Bordtennis

- Langsmed skulen
- 2 stk. så fleire kan vær med og ein kan ha turnering.



Start i sør øst enden
av grusplassen .
følger asfaltkanten
som ett naturlig skille
på leikeplass og
kjørefelt.

Hinderløype



Kompassrose
Malt i taket eller på bordet



Lengde retning skilt

Navn på stadar som
Bergen,
England osv. der pila viser,
med rett retning og
avstand.
Samtaleskapar og læring.



«Betty» paviljong eller Sjøvoll Gardsag
paviljong på haugen med juletreet.

Paviljong

Småhus

Me vil ha små hus med benker og bord
der ein kan sitja under tak
og ta seg ein pust i bakken,
ete eit måltid eller
lese ei bok.



Gapahuk



Me ønsker oss ein L-forma gapahuk med sittebenker
utanfor Grendahuskjellaren.

Tanken er at dette blir ein koseleg og lun plass for speidaren,
Grendautvalet og andre som ønsker
et måltid/samlingsplass under tak..



EPDM mønster



Tanken er ein regnboge som snor seg rund på leikeplassen.
Den kan brukast som ei løype til å springe på og sparke/sykle,
men mest av alt gir den farge til leikeplassen vår, og innbyr til leik.

Ein splæsj i bunnen av silebanen er gøy.

Solur rundt retningskiltet gir læring.

Paradis, sjakk og stige spillet
er også kjekt å ha på
leikeplassen.



Sandkassen

I sandkassen vil me innby til leik med kiosk/butikk,
bord som ein kan stå og leike ved,
og kombinert sand & vannbord.


For å lage ekstra spenning, ønsker me å grave ned «gull steinar»
Dette passar også godt i lag med skattekista
me vil ha i enden av reinbuen,





Basketball

Me ønsker basketball korger
i 3 forskjellige høyder,
Slik at det blir mulig for
liten og stor å treffe.
Plassering må me sjå litt meir på.





Treningspark





Romaskin

- Armer
- Rygg


Skywalker

- Bein



Skilt

Forklaring på øvelser



Sit-up benk

- Mage
- Rygg



Dips

- Armer
- Bryst



Monkey bars

- Ribbevegg
- Armgang
- Kroppsløft



Crosstrainer

- Bein
- Armer
- Rygg



Brystpress

- Armer
- Bryst

Treningssapparat



Motivasjon



Kva med å ha ulike motiv/ ordtak
på veggen til gymsalen
For å skape farge og motivasjon.
Enten på skilt eller malt på veggen.
Tenker å ha dei på norsk.




Andre idear




Med eit retningskilt som viser vei til dei ulike tilbuda me har i aktivitetsparken vår, blir det lett for (nye) folk å finna fram og sjå utvalget.
Stolpen kan og brukast som solur.

Rethningskilt



Fjellet

Kva med å skape noko fargerikt og gøy med fjellveggen?
Male på ein høgdemåler, ein aktivitet eller eit
fargerikt kunstverk som gjer parken vår
meir innbydande.
Kanskje kunstlaget vil hjelpa oss?





Ett forslag om boklån/bytte kom inn. Ein super ide som ikkje kostar oss meir enn eit skap til å ha bøkene i. Dette tenker eg er ein fantastisk mulighet til å ha noko utanom det vanlege i aktivitetsparken vår.

Mini bibliotek

«Lån deg ei bok og les mens barna leikar, ta ho med deg heim om du vil lese heile. Ta ein pust i bakken med lesestund for barna i ett av småhusa, eller under klatretårnet. Lever dine gamle/utleste bøker, så nokon andre kan ha glede av dei...»



Forslag til plassering av biblioteket





QR-kode skilt



Kva med å ha eit skilt med qr- kodar attmed ute biblioteket. Skannar du koden kan du høyre ei innspilt lydfil. Her har me mangen moglegheita. Elevar kan lese inn prosjekt dei har hatt, for eksempel Foldrøyskipet, steinalderen, osv.


Eller lese inn barnebøker, slik at foreldre kan skanne koden, ta med tlf, og sette seg i ei «hytte» å høyre lydbok, lest av barna på skulen vår. Me kan få bygdefolk til å fortelja om Foldrøy i gamledagar. Feks. Jan Willy om 17. mai i gamle dagar, osv. Sissel H. som kan så mykje historie om Foldrøy, er jo ei gullgruve her. Sidan det er vanskeleg å fylla på med nye ting på skiltet, tenker eg det kan være flott å og ha tilgang til lydfilene på heimesida vår. Det gjer det og mogleg for utflytta Foldrøyarar og andre interesserte å høyre historia vår andre plassar ifra.


Dette kostar i likhet med mini biblioteket lite, men kan være unikt for aktivitetsparken vår, og er tenkt som eit samarbeid med skulen og grenadautvalet.





Tenker det kan være fint med ein «rød tråd» gjennom leikeplassen med reinbue, sirklar og event. blyantar (siden parken vår er på skulen)





Noko sånt hadde vært kjekt å ha på bakken bak ballbingen